Grunnlovsframlegg 37

(2016–2017)

Grunnlovsframlegg frå Per Olaf Lundteigen og Kjersti Toppe

Dokument 12:37 (2015–2016)

Grunnlovsframlegg frå Per Olaf Lundteigen og Kjersti Toppe om endring i § 108 («det samiske folket» erstattar omgrepet «den samiske folkegruppa»)

Til Stortinget

Bakgrunn

Forslagsstillarane viser til ordlyden i Grunnlova § 108: «Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.»

Forslagsstillarane fremjar her forslag om endring av § 108 slik at «det samiske folket» erstattar omgrepet «den samiske folkegruppa».

Ved den språklege fornyinga av Grunnlova i 2014 vidareførte Stortinget omgrepet «den samiske folkegruppa» (på bokmål: «den samiske folkegruppe») fordi dei alternative forslaga til ordlyd i § 108 ikkje oppnådde tilstrekkeleg fleirtal i Stortinget.

I tilhøyrande tilråding frå kontroll- og konstitusjonskomiteen, jf. Innst. 187 S (2013–2014), rådde fleirtalet i komiteen, sett saman av medlemene frå Arbeiderpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne, Stortinget til å vedta følgjande ordlyd (dåverande alternativ 1 B):

«Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at samane, som urfolk, kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.»

Fleirtalet i komiteen tilrådde samstundes subsidiært følgjande ordlyd:

«Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at det samiske folket kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.»

Eit mindretal i komiteen, medlemen frå Senterpartiet, tilrådde óg sistnemnde alternativ. Ved voteringa røysta 92 representantar for dette alternativet medan 76 representantar røysta imot. Forslaget om å ta inn føresegna med omgrepet «det samiske folket» oppnådde slik ikkje det tilstrekkeleg fleirtalet i Stortinget.

Forslagsstillarane vil her sitera følgjande frå Innst. 187 S (2013–2014):

«Komiteens medlemmer fra Høyre og Senterpartiet viser til uttrykket «den samiske Folkegruppe» i dagens grunnlov § 110 a. I Samerettsutvalgets første delinnstilling av 1984 (NOU 1984:19) Om samenes rettsstilling, ble det konkludert med at samene i alle henseender er å anse som et folk. At man i forslaget til grunnlovsparagraf, som ble framsatt i Stortinget 21. september 1984 og vedtatt som § 110 a 21. april 1988, brukte uttrykket «den samiske Folkegruppe», var visstnok begrunnet med at man her mente den delen av det samiske folket som bor i Norge.

Komiteens medlem fra Senterpartiet viser til at paragrafen ikke gir individet noen rettigheter. Man kan ikke vise til paragrafen i tvister ved domstolene om konkrete rettigheter. Men den foreskriver hvilke vurderinger som skal legges til grunn for tiltak og avgjørelser som gjelder kollektivet samene. Det ligger altså en viss rettslig forpliktelse for statsmyndighetene for bl.a. tolking av lover og for skjønnsutøvelsen når det gjelder samene som gruppe. Den vil ikke være forskjellig om man bruker betegnelsen «det samiske folk» eller for den del «samene som urfolk».

Om uttrykket «samene som urfolk»

Dette medlem viser videre til at begrepet «urfolk» er blitt til etter en prossess fra 1982 til 2007 ledet av FNs høykommisær for menneskerettigheter i Genève hvor erklæringen «United Nations Declaration on the Rights of Indigenous Peoples»utgjør et foreløpig kli-

Vidertrigs

maks med Generalforsamlingens vedtak i 2007. I mellomtiden ble ILOs urfolkskonvensjon (Convention concerning Indigenous and Tribal Peoples in Independent Countries) vedtatt av ILO i 1989 og ratifisert av Norge i 1990 som første land. Så langt er ILO-konvensjonen den eneste rettslig bindende konvensjon som gjelder urfolk. Erklæringen er derimot ikke rettslig bindende for noe land. I hele prosessen om erklæringen har det fra urfolkene vært et ønske å bli betegnet som «folk» («peoples with an -s»).

Uttrykket «det samiske folk» vil naturligvis også gjelde kollektivet samer og er for den del ikke forskjellig fra de to andre nevnte betegnelser.

Betegnelsen «urfolk» er en minstestandard som skal kunne brukes om alle grupper som ikke har vært delaktige i etableringen av nasjonalstatene. Den har vært nødvendig å innarbeide for overhodet å få til en noenlunde ordnet dialog med de mest negative nasjonalstater om minstestandarder.

Om uttrykket «det samiske folk»

Videre viser dette medlem til at som anført ovenfor, konkluderte Samerettsutvalget i sin tid med at samene er et folk.

I den samepolitiske erklæringen fra Samekonferansen i 1971 het det at samer er samer, og vil være samer uten dermed å være verken mer eller mindre enn andre folk i verden. Samiske organisasjoner har også omtalt samene selv som et folk. Betegnelsen «folk» er både i nasjonal og internasjonal lovgivning mye klarere og sterkere enn begrepet «urfolk». Den uttrykker også den likeverdighet som HM Kongen uttrykte i 1997 i sin tale til Sametinget ved å slå fast at staten Norge er etablert på territoriet til to folk, nordmenn og samer.

Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven) av 21. mai 1999 viser til bl.a. 5 konvensjoner som «skal gjelde som norsk lov i den utstrekning de er bindende for Norge» og blant dem er de to FN-konvensjonene av 1966, nemlig De forente nasjoners internasjonale konvensjon 16. desember 1966 om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter og De forente nasjoners internasjonale konvensjon 16. desember 1966 om sivile og politiske rettigheter. I dem omtales «folk», men ikke «urfolk». Betegnelsen «folk» har derfor en svært sterkere stilling enn «urfolk».

Bruken av uttrykket «det samiske folk» utelukker ikke at samene også er et urfolk.

Komiteens medlem fra Senterpartiet innstiller på denne bakgrunn på alternativ 2 B, slik at ny § 108 skal lyde:

§ 108

Statens myndigheter skal legge forholdene til rette for at det samiske folk kan sikre og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv.

§ 108

Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at det samiske folket kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.»

Forslagsstillarane fremjar på denne bakgrunn forslag til endring av Grunnlova § 108 ved at omgrepet «det samiske folk» erstattar «den samiske folkegruppa».

Framlegg

På dette grunnlaget vert det fremja følgjande

f r a m l e g g :

Grunnlova § 108 skal lyda:

Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at det samiske folket kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.

–

Statens myndigheter skal legge forholdene til rette for at det samiske folk kan sikre og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv.

30. september 2016

Arbeidsutkast

www.stortinget.no 07 Media – 07.no